

ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

I Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 28. februar 2023



Ole Ekornes

SAK 1 – OPNING AV MØTET	3
1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.....	3
1.2 Val av møteleiar	3
1.3 Val av skrivar.....	3
1.4 Val av to til å skrive under møteboka.....	3
1.5 Val av teljekorps	3
SAK 2 – ÅRSMELDINGAR	3
2.1 Melding frå Styret i Leikarringen	3
2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen.....	3
2.3 Melding frå Bunadsnemnda.....	3
2.4 Andre særskilde meldingar	3
SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2022.....	4
SAK 4 – ARBEIDSPPLAN 2023.....	6
SAK 5 – MEDLEMPENGAR 2023	7
SAK 6 – BUDSJETT 2023	8
SAK 7 – ENDRING AV STYRINGSFØRESEGNER.....	9
SAK 8 – VAL.....	11

SAK 1 – OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

1.2 Val av møteleiar

Framlegg til vedtak: Torbjørn B. Lauen

1.3 Val av skrivar

Framlegg til vedtak: Herborg Oma

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Framlegg til vedtak: Blir gjort i møtet.

1.5 Val av teljekorps

Framlegg til vedtak: Blir gjort i møtet.

SAK 2 – ÅRSMELDINGAR

Vedlegg: 02 Årsmeldingar 2022

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

2.3 Melding frå Bunadsnemnda

2.4 Andre særskilde meldingar

Framlegg til vedtak:

Kvar av meldingane blir vedteke slik dei er lagt fram.

SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2022

	Leikarringen m/Barnelaget	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Budsjett 2022
3010	Årspengar	43 190	36 000	38 000
3060	Særlagsstønad	100 000	100 000	100 000
3075	Inntekt oppdrag	19 000	22 915	30 000
3080	MVA-komp.	2 477	5 456	2 000
3090	Diverse tilskot	16 317	36 500	10 000
3100	Billettsal	0	0	2 000
3110	Anna inntekt, øvingar, folkedanskveldar	13 794	13 260	2 500
3201	Pengegåver	2 000	2 300	0
	SUM DRIFTSINNTEKTER	196 778	216 431	184 500
5100	Lønn til ansatte	-28 214	-15 000	-20 000
5315	Honorar sjølvstendige	-104 132	-76 266	-90 000
5400	Arbeidsgiveravgift	-3 978	-2 115	-3 000
6100	Frakt	0	-2 775	0
6300	Leige lokale	0	0	- 600
6550	Driftsmaterialer	0	0	-10 000
6550	Notar og utstyr	0	0	-2 000
6820	Trykksak	0	0	0
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	0	- 650	0
6860	Møte, kurs, oppdatering	-1 702	-1 600	- 500
6890	Andre kontorkostnader	0	0	0
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	-6 772	0	0
7310	Lysingar/blestarbeid	- 719	-10 218	-2 000
7342	Møtekostnader	- 81	0	-2 000
7430	Gåver	-5 905	-5 444	-7 000
7467	Stønad planbaserte prosjekt	0	0	0
7500	Forsikring lagsdrifta	-2 828	-2 721	-3 000
7712	Andre møtekostnader/øvingar	-5 284	-7 806	-4 000
7715	Kurs	0	0	-10 000
7730	Rådvelde styret	0	0	-60 000
7790	Andre kostnader	-20 921	-3 800	-20 000
7792	Andre kostnader fester	-5 040	0	-2 000
7793	Andre kulturkostnader eksternt	0	0	-1 600
	SUM DRIFTSKOSTNADER	-185 576	-128 395	-237 700
8050	Renter bank	4 438	2 128	3 600
7770	Bank og kortgebyrer	500	- 525	- 500
8150	Andre rentekostnader	0	0	0
8800	RESULTAT	16 141	89 639	-53 200
	Feil i Resultat 2021, feilført inntekt	0	-5 000	0
	RESULTAT m. korrektur	16 141	84 639	-53 200

BALANSE 2022

	BALANSE	LR m BL 31.12.2022	LR m BL 31.12.2021
	Eigendeler:		
1556	Til gode hovudlaget	-15 987	-3 055
1841	Bunadssylv og heidersmerke	34 998	10 095
1850	Fond	251 591	249 774
1976	Hundreleik	0	0
1977	Bank DNB	277 635	278 240
1978	Bank BN	362 902	360 281
	Sum eigendeler	911 138	895 335
	Eigenkapital og gjeld:		0
2050	Eiga pr. 1.1	895 335	773 816
	Resultat	16 141	84 639
	Leverandørgjeld	-7 601	21 441
	Kundefordringer	7 264	15 439
	Sum eigenkapital og gjeld	911 138	895 335

Framlegg til vedtak:

Rekneskapen og balansen for 2022 blir vedteke slik dei er lagt fram, med atterhald om endringar ifm. revisjon av BUL (hovudlaget) sitt rekneskap.

SAK 4 – ARBEIDSPLAN 2023

Vedlegg: 04 Arbeidsplan 2023

Framlegg til vedtak:

Planane for 2023 blir vedteke slik dei er lagt fram.

SAK 5 – MEDLEMSPENNGAR 2023

Vedlegg: 05 Medlemspengar 2023

Etter at endringane i kontingentsatsane i hovudlaget har kome på plass, ser styret at det trengs ei opprydding i satsane som no gjeld då hovudlaget og Leikarringen no opererar med ulike medlemskategoriar. I praksis er det no 8 ulike kontingenttypar i Leikarringen utifrå alder, livssituasjon og dato for innmelding. På grunn av ordlydane i gjeldande vedtak har m.a. kontingenten for barne- og ungdomsmedlemmane vore høgare enn den eigentleg treng vere.

Då satsane til hovudlaget no differensierar for alder foreslår styret å sette éin kontingentsats som er lik for alle medlemmar i Leikarringen. I tillegg foreslår styret å endre styringsføresegnene til dei datoane hovudlaget brukar, men dette kjem i eigen årsmøtesak.

I lang tid har me opna for at ikkje-medlemmar kan delta på øvingane våre mot at dei betalar kr. 50,- pr. gong. Denne praksisen ønskjer me å stadfeste gjennom årsmøtevedtak.

Øvrig informasjon om medlemskap i Leikarringen:

Faktura for medlemsavgift blir sendt på e-post (ein gong per år) frå hovudlaget i BUL, i januar eller ved innmelding.

Medlemsfordelar:

- Kaffistova: 10 %
- Heimen Husfliden i Arbeidergata og GlasMagasinet på Stortorget, på hyllevarer: 10 %
Rabatten gjeld ikkje for sying av bunader, bestillingsvarer eller salsvarer. For å få rabatten må ein vise fram gyldig medlemskort i kassa.
- Bondeheimen: 15 %
Vis til medlemskap ved booking av rom på telefon eller e-post.
- Det Norske Teatret: 20 %
Bruk rabattkode medlem for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billetter per medlem.
- Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg: 20 %
Bruk rabattkode 66457 ved reservasjon på www.nordicchoicehotels.no
- De Bergenske (hotell i Bergen): 15 %
Bruk rabattkode NORUNG456 ved reservasjon på <https://www.debergenske.no>
- Fiken rekneskapsprogram: 15 %
For å nytte medlemsfordelen oppgir du Norges Ungdomslag og medlemsnummeret ditt ved bestilling.
- Oslo sportslager: På sportsutstyr etter gjeldande avtale
- Bondeungdomslaget har to hytter som medlemmer kan leige til gode prisar.

Framlegg til vedtak:

Medlemspengane for 2023 blir sett til kr. 300,-

Dette kjem i tillegg til medlemsavgift til hovudlaget.

Ikkje-medlemmar kan delta på øvingar i Leikarringen mot ein fotskatt på kr. 50,- pr. gang.

SAK 6 – BUDSJETT 2023

		2023	2022	2022
	Leikarringen m/Barnelaget	Budsjett	Rekneskap	Budsjett
3010	Medlemskontingent	38.000	43.190	38.000
3060	Særlagsstøtte	100.000	100.000	100.000
3075	Inntekt oppdrag	30.000	19.000	30.000
3080	Mva.ref.	2.000	2.477	2.000
3090	Diverse tilskot	10.000	16.317	10.000
3100	Billettsal	2.000	0	2.000
3110	Anna inntekt, øvingar	2.500	13.794	2.500
3201	Pengegåver	0	2.000	0
	SUM DRIFTSINNTEKTER	184.500	196.778	184.500
5100	Lønn til ansatte	-25.000	-28.214	-20.000
5315	Honorar sjølvstendige	-95.000	-104.132	-90.000
5400	Arbeidsgiveravgift	-4.000	-3.978	-3.000
6100	Frakt	0	0	0
6300	Leige Lokale	-600	0	-600
6550	Driftsmaterialer	-10.000	0	-10.000
6820	Trykksak	-2.000	0	-2.000
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l	0	0	0
6860	Møte, kurs, oppdatering	-10.000	0	0
6890	Andre kontorkostnader	-500	-1.702	-500
7110	Ferdapengar	-13.300	0	0
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	0	-6.772	0
7310	Lysingar, blestarbeid	-2.000	-719	-2.000
7342	Møtekostnader	-2.000	-81	-2.000
7430	Gåver	-7.000	-5.905	-7.000
7467	Stønad planbaserte prosjekt	0	0	0
7500	Forsikring lagsdrifta	-3.000	-2.828	-3.000
7712	Andre møtekostnader/øvingar	-5.000	-5.284	-4.000
7715	Kurs	0	0	-10.000
7730	Rådvælde styret	-40.000	0	-60.000
7790	Andre kostnader	-20.000	-20.921	-20.000
7792	Andre kostnader festar	-5.000	-5.040	-2.000
7793	Andre kostnader eksternt	-1.600	0	-1.600
	SUM DRIFTSKOSTNADER	-246.000	-185.576	-237.700
8050	Renter bank	3.600	4.438	3.600
8150	Bankgebyr	-500	500	-500
8150	Andre rentekostnader	0	0	0
8800	RESULTAT	-61.500	16.141	-53.200
	<i>Resultat inkl. finans</i>	-58.400	21.079	-50.100
	<i>Resultat før Rådvælde</i>	-21.500	14.141	6.800

Styret sitt framlegg til vedtak:

Budsjettet blir vedteke slik det er lagt fram.

SAK 7 – ENDRING AV LOVER OG STYRINGSFØRESEGNER

Sak 7.1 Endring av lova §4 – Styret

Fremma av valnemnda

Bakgrunn:

Leikarringen har opplevd ein betrakteleg auke i aktiviteten over fleire år, og styret har gjort ein formidabel innsats for å halde aktiviteten gåande og starte nye initiativ. Valnemnda i Leikarringen ser no at det er naudsynt å utvide styret for å ha fleire krefter til å drive den gode aktiviteten vidare.

Leikarringen si lov, vedtatt 02.03.21, seier:

§ 4 – Styret

I styret for Leikarringen sit leiar og tre styremedlemmer med inntil to varamedlemmer, 1. og 2. vara. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre i styret vert valde for to år, to og ein på annakvart årsmøte. Varamedlemmene står på val kvart år. Styret vel seg imellom nestleiar, kassastyrar, og skrivar. Styret er vedtaksført når tre styremedlemmer er til stades.

Framlegg til endring i lova:

§ 4 – Styret

*I styret for Leikarringen sit leiar og **fire** styremedlemmer med inntil to varamedlemmer, 1. og 2. vara. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre i styret vert valde for to år, to og **to** på annakvart årsmøte. Varamedlemmene står på val kvart år. Styret vel seg imellom nestleiar, kassastyrar, og skrivar. Styret er vedtaksført når **fire** styremedlemmer er til stades.*

Framlegg til vedtak:

Leikarringen utvider sitt styre med ein fast styremedlem. Vedtaket trer i kraft frå dato for vedtaket, slik at ein vel leiar, fire styremedlemmer og to varamedlemmer på årsmøtet 2023. For å gjere dette, må også lova endrast slik:

Sak 7.2 Endring av styringsføresegn §2 – Lagsfolk

Fremma av styret

Bakgrunn:

Styringsføresegnene legg i dag opp til at heile medlemslista med namn, epost og telefonnummer skal bli distribuert til heile ringen ein gong i året. Dette har ikkje blitt gjort i praksis på fleire år, og blir av styret oppfatta som eit bort på den einskilde medlems personvern. Styret føreslår difor å stryke avsnittet.

Leikarringen si styringsføresegn, vedtatt 02.03.21, seier:

§ 2 – Lagsfolk

Dei som vil melde seg inn i Leikarringen, sender innmelding på fastsett skjema

Kvar vår, i samband med utsending av årsmøteinnkalling, sender styret ut medlemsliste med telefonnummer, post- og e-postadresse til alle medlemmene. Dei som ynskjer det kan be seg fritekne for å ha namnet sitt på denne lista.

Framlegg til vedtak:

Andre avsnitt i §2 - Lagsfolk blir stroke.

Sak 7.3 Endring av styringsføresegn §15 – Vedtak

Fremma av styret

Bakgrunn:

I samband med endringane i kontingentsatsane foreslår styret å endre praksis kring kontingentinnkreving på hausten. I dag får dei som melder seg inn etter 1. september hausten gratis. Etter endringane i hovudlaget har kontingenten til hovudlaget blitt halvert etter 1. juli. Det har difor oppstått ein mellomkategori for medlemmar som melder seg inn mellom 1. juli og 1. september. Det er difor eit ønskje frå både kontoret og styret å forenkle dagens system og å redusere kontingentkategoriane å halde styr på.

Leikarringen si styringsføresegn, vedtatt 02.03.21, seier:

§ 15 – Vedtak

1. *Årsmøtet fastset årspengane i Leikarringen. Dei som melder seg inn etter 1. september, får hausten gratis og får fyrst faktura i januar året etter.*

Framlegg til endring i lova:

§ 15 – Vedtak

2. *Årsmøtet fastset årspengane i Leikarringen. Dei som melder seg inn etter 1. juli betalar berre kontingent til hovudlaget.*

Framlegg til vedtak:

Andre setning i §15.1 blir endra til: *Dei som melder seg inn etter 1. juli betalar berre kontingent til hovudlaget.*

SAK 8 – VAL

Vedlegg: 07 Liste – val til Rådet i Leikarringen 2023

På årsmøtet skal det veljast mange nye styremedlemmer, i tillegg til bunadnemnda, valnemnda og rådet.

Det skal veljast:

- Styret:
 - Leiar for eitt år
 - To styremedlemer for to år
 - To varamedlemer for eitt år
- Bunadnemnda:
 - Tre medlemer for eitt år
- Rådet:
 - To medlemer for to år
- Valnemnda:
 - Tre til fem medlemer for eitt år

Innstilling til nytt styre:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen (1 år, attval)
Styremedlem: Simon Hesselberg Løvald (ikkje på val)
Styremedlem: Herborg Oma (ikkje på val)
Styremedlem: Tone Ingvaldsen (2 år, opprykk frå vara)
Styremedlem: Elise Birgitte Haugsten Thomassen (2 år, ny)
1. vara: Elias Vinje (1 år, ny)
2. vara: Synnøve Bryde (1 år, ny)

Innstilling til ny bunadnemnd:

Anne-Cathrine Johansen (1 år, attval)
Sigrid Kjøbli (1 år, attval)
Åse Holen (1 år, attval)

Val til rådet:

Rådet blir valt av årsmøtet basert på vedlagt liste over kandidatar som fyller krava i styringsføresegnene. Lista blir delt ut på årsmøtet.

I 2022 blei Rune Bjerke og Audun Grüner-Hegge valt for 2 år, og er difor ikkje på val i år.

Innstilling til ny valnemnd:

Anbjørg Myhra Bergwitz (1 år, attval)
Rita Sirirud Vatnehol (1 år, attval)
Hallvard Øfstaas (1 år, ny)